



Vår sakshandsamar
Sveinung Seljås, tlf 350 48 430

Saksgang:

Saksnr.	Utval	Møtedato
103/07	Formannskapet	20.06.2007

Reguleringsplan Furuheim, del av gbnr 14/6 - mindre endring av plankartet.

Vedlegg:

-Utsnitt av reguleringsplankartet.

Faktiske tilhøve:

Kommunestyret godkjente i sak 043/07 (14.06.07) på visse vilkår reguleringsplanen Furuheim, del av g/bnr 14/6. Eitt av vilkåra var forma slik;

2) Kommunestyret bed planutvalet gjere ei mindre justering av løypetraseen si kryssing av vegen, og eventuelt justering av tomt i samband med dette.

Under førearbeidet til dette vedtaket blei ei løysing som stetta målsetjinga med vilkåret skissert. Denne skissa ligg som vedlegg til saka.

Planutvalet kan gjere denne endringa, jf plan- og bygningslova (pbl) § 28-1 2.ledd (mindre vesentleg endring).

Sakshandsamar si vurdering:

Skissa som er framlagt, gjev ei betre løysing for kryssing av brøyta veg/skiløype, ved at løypetrasèen går 90 grader på vegen, og at løypa også får eit redusert fall ned mot kryssingspunktet. Omlegginga fører derimot til at mykje av tomtearealet til tomt 10 blir omdisponert til løype. Det blir difor føreslege å trekke heile dette byggearealet ut av planen, slik at det som ikkje blir ny løypetrasè, blir omgjort til friluftsområde, eventuelt med ei mindre justering av tomteavgrensinga til tomt 11 mot dette arealet.

Rådmannen si tilråding :

I medhald av pbl §28-1 2.ledd vedtek formannskapet som planutval ei endring av plankartet for reguleringsplanen Furuheim slik vedlagte skisse syner, og med fylgjande innhald og konsekvens;

- kryssingspunktet mellom bilveg og skiløype blir flytta slik at kryssinga går meir vinkelrett.
- tomt 10 går ut som byggeområde og blir omgjort til løypetrase og resten til friluftsområde, eventuelt med ei justering av tomtegrensa for tomt 11.

Endringa blir tatt med og samankøyrert med dei andre godkjenningvilkåra i kommunestyresak 043/07.

Formannskapet - 20.06.2007:

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av pbl §28-1 2.ledd vedtek formannskapet som planutval ei endring av plankartet for reguleringsplanen Furuheim slik vedlagte skisse syner, og med fylgjande innhald og konsekvens;

- kryssingspunktet mellom bilveg og skiløype blir flytta slik at kryssinga går meir vinkelrett.
- tomt 10 går ut som byggeområde og blir omgjort til løypetrase og resten til friluftsområde, eventuelt med ei justering av tomtegrensa for tomt 11.

Endringa blir tatt med og samankøyrert med dei andre godkjenningsvilkåra i kommunestyresak 043/07.

Rett utskrift
Treungen 23.10.07

Sveinung Seljås
-plansjef